




REGIONALE
FORSKINGSFOND
VESTLAND

Handlingsplan 2022- 2023

Vedteke av styret for RFF Vestland 27. januar 2022



Vestland
fylkeskommune

Innhold

1.	Overordna føringar	3
1.1	Formål med regionale forskingsfond	3
1.2	Prioriteringar for Regionalt forskingsfond (RFF) Vestland	3
1.2.1	Regionale forskingsbehov identifiserte i Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027	5
1.3	Om handlingsplanen - tidsperiode	5
2.	Plan for utlysingar med prioriterte forskningstema	6
3.	Søknadstypar, krav til søkjarar og støtteomfang	7
3.1	Kven som kan søkje og minimumskrav til samarbeid	7
3.2	Omfang av støtte	7
3.3	Formål med ulike søknadstypar, prosjektperiodar og maksimalt støttebeløp	8
3.4	Vurderingskriteria.....	9
4.	Kommunikasjon og formidling	10
5.	Økonomisk ramme.....	11

1. Overordna føringar

1.1 Formål med regionale forskingsfond

Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om Regionale forskingsfond¹ med verknad frå 1. januar 2020.

«Formålet med tilskuddsordningen

Tilskuddsordningen skal styrke regionenes forskningsevne gjennom tilskudd til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til økt FoU-innsats.

Regionale forskingsfond har som formål å:

- a) styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling gjennom å
 - i. finansiere forskningsprosjekter av god kvalitet
 - ii. medvirke til at bedrifter og offentlige virksomheter øker sin kompetanse, innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere forskning og ta i bruk resultater fra FoU
 - iii. stimulere til et tettere samarbeid mellom FoU-institusjoner og styrke koplingene til næringsliv og offentlig sektor
- b) øke FoU-innsatsen gjennom å
 - i. mobilisere og kvalifisere bedrifter og offentlige virksomheter til å delta i nasjonal og internasjonal forskning
 - ii. støtte FoU-prosjekter initiert av næringsliv, frivillig sektor og offentlige virksomheter inkludert universiteter, høyskoler og andre forskningsmiljøer
- c) bidra til økt forskningskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljøer gjennom å
 - i. støtte langsiktig, grunnleggende kompetansebygging i relevante forskningsmiljøer
 - ii. knytte institusjonenes FoU-kompetanse til øvrige regionale FoU-aktiviteter og se disse i sammenheng
 - iii. stimulere til fler- og tverrfaglig samarbeid i forskningsprosjekter
- d) arbeide for tett samspill mellom aktiviteter i regionene og deres relasjoner til andre nasjonale og internasjonale forskningsprogrammer og forskningsaktiviteter

Fylkeskommunene skal informere om fondet og formidle fondets forskningsresultater, herunder skape oppmerksomhet om og interesse for fondet i allmennheten og blant aktuelle målgrupper/søkere. (...)»

1.2 Prioriteringar for Regionalt forskingsfond (RFF) Vestland

Hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune vedtok 13. januar 2022² ei bestilling til styre for RFF Vestland. Viktigaste momenta i bestillinga er referert under.

RFF Vestland skal bidra til å dekke forskingsbehova frå temaplan forskning

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor ramma av dei forskningstema og problemstillingar som er nedfelt i [Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027](#).

Styret skal kunne gjere eit prioritert utval av tema og problemstillingar frå temaplanen i utarbeiding av årlege handlingsplanar og utlysingar. Utvalet av tema og problemstillingar skal også ta omsyn til prioriteringar i Vestland fylkeskommune og den regionale

¹ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2110>

² https://prod01.elementscloud.no/publikum/821311632_PROD-821311632/DmbMeeting/12

partnerskapen sin bruk av øvrige verkemidlar for å realisere måla i Handlingsprogrammet 2022 – 2025, Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

RFF Vestland skal også legge vekt på å samordne aktivitetar med nasjonale og internasjonale forskingsprogram og -aktivitetar.

Finansiere brukarstyrt forskning med innovasjonspotensiale

RFF Vestlandet skal arbeide for at forskingsfondet finansierer og gir ny kunnskap med potensiale for innovasjon i bedrifter og i offentleg sektor. For å oppnå dette best skal fondet halde fram sitt hovudfokus på brukarstyrt forskning.

RFF Vestland skal som hovudsak lyse ut midlar med bedrifter og kommunar som målgruppe, men kan også, jfr pkt c i forskrifta om RFF, opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar kan stå som prosjektansvarleg søkerar.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom innovasjon i offentlege sektor og i næringslivet.

Mobilisere til forskning og ansvaret for FORREGION Vestland

Frå 2022 får Vestland fylkeskommune tildelt midlar frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDMD) til gjennomføring av FORREGION. Dette er ei ordning i kvart fylke som arbeider med mobilisering til meir forskning i bedrifter. Verkemidlane er kompetansemekling (kople bedrifter med relevante forskarar), mobilitet som hospitering og «forskar til låns», nettverksmøte (FoU møte) og forprosjekt.

Styret for RFF Vestland får i oppgåve å vere styringsorgan for arbeidet med FORREGION Vestland. Ansvaret vil innebere tematisk prioritering av arbeidet i FORREGION Vestland under same ramme som for RFF Vestland, men med særskild merksemd mot forskings- og innovasjonsbehov i Vestlandsporteføljen.

FORREGION Vestland har fleire midlar som kan søkjast frå bedrifter inn til ordninga. Styret for RFF Vestland vil få eit særleg ansvar for å koordinere forholdet mellom søkemidlar i RFF Vestland og i FORREGION Vestland. Styret vil vurdere ei nærare samordning av verkemidlane i RFF og FORREGION i samband med revisjon av handlingsplanen for året 2023.

I samband med dette vil Styret for RFF Vestland kunne vurdere om RFF-midlar kan rettast mot ei forsterka mobilisering til forskning retta mot innovasjon i kommunal sektor, og slik realisere oppstart av eit «FORREGION Vestland kommune» under lik forvaltning som FORREGION-satsinga elles.

Forholdet til andre finansieringsordningar for forskning

RFF Vestland skal ha spesiell merksemd på å bidra til mobilisering av bedrifter og kommunar til deltaking i Horisont Europa. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd.

1.2.1 Regionale forskingsbehov identifiserte i Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 - 2027

Temaplan forskning for Vestland fylke 2022 – 2027 peiker på følgjande delmål og tema der det er særlege regionale forskingsbehov:

Meir forskning som bidrar til lønsame arbeidsplassar, grønt skifte, berekraftige produksjonsprosessar og ny klimavenleg eksportretta industriutvikling.

- A. Berekraftig og eksportretta industriutvikling samt havøkonomi
- B. Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning
- C. Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar
- D. «Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien

Ein offentleg sektor som saman med forskingsorganisasjonar utviklar og tek i bruk ny relevant kunnskap som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbodet

- E. Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på kommunar og fylkeskommunar
- F. Klimatilpassing – generell samfunnstryggleik og beredskap

Meir forskning knytt til samfunnsutfordringar som særleg pregar Vestland

- G. Klimautfordringa og det grønne skiftet
- H. Økologi – miljø og eit levande hav
- I. Stadutvikling og arbeidsplassar i heile Vestland

Til kvart delmål og tema viser temaplanen til ei rekke aktuelle kunnskapsutfordringar der det vil vere behov for forskning for å bidra til innovasjon og regional utvikling. Desse utfordringane er ikkje uttømmende, men gir eit viktig rammeverk for retninga i den regionale forskingspolitikken.

- [Meir detaljert omtale av forskningstema står i Temaplan forskning](#)

1.3 Om handlingsplanen - tidsperiode

Styret skal leggje Kunnskapsdepartementet si forskrift og den politiske bestillinga til grunn for sine prioriteringar i handlingsplan. Handlingsplanen skal klårgjere tematisk fokus, økonomiske rammer, opplegg for utlysing av midlar og andre aktivitetar.

Denne handlingsplanen gjeld for 2022-2023. Den vil verte rullert hausten 2022 når løyvinga for 2023 over Statsbudsjettet er kjend.

2. Plan for utlysingar med prioriterte forskningstema

Plan for utlysingar med prioriterte forskningstema:

Utlysingstema	Søknadstype og søkjargruppe	2022	2023
<p>1. Meir forskning som bidrar til lønsame arbeidsplassar, grønt skifte, berekraftige produksjonsprosessar og ny klimavenleg eksportretta industriutvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> › Berekraftig og eksportretta industriutvikling samt havøkonomi › Sirkulær økonomi – berekraftig ressursforvaltning › Bioøkonomi «blå» og «grøn» - produksjon av mat og berekraftig bruk av biologiske ressursar › «Grøn» gjenoppbygging av reiselivet etter pandemien <p>2. Ein offentleg sektor som saman med forskingsorganisasjonar utviklar og tek i bruk ny relevant kunnskap som kan styrke innovasjonskraft og tenestetilbodet</p> <ul style="list-style-type: none"> › Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på kommunar og fylkeskommunar › Klimatilpassing – generell samfunnstryggleik og beredskap <p>_____</p> <p>Temaplan forskning gir eit utdjuping av regionale forskingsbehov.</p>	<p>Kvalifiseringsstøtte av typen forprosjekt til innovasjonsprosjekt for:</p> <ul style="list-style-type: none"> › Bedrifter › Kommunar/ fylkeskommune <p>Kvalifiseringsstøtte av typen forprosjekt til samarbeidsprosjekt for:</p> <ul style="list-style-type: none"> › Forskingsorganisasjonar 	<p>Løpande utlysing, med innsending på faste datoar for behandling i første etterfølgjande styremøte</p>	<p>Løpande utlysing, med innsending på faste datoar for behandling i første etterfølgjande styremøte</p>
<p>1. Forsking som bidreg til industriell symbiose knytt til strategiske grøne hubar i Vestland – jamfør rapport frå Grøn region Vestland – Vestlandsparteføljen</p> <p>2. Forsking som bidreg til å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør.</p> <p>_____</p> <p>Temaplan forskning gir eit utdjuping av regionale forskingsbehov.</p>	<p>Innovasjonsprosjekt for:</p> <ul style="list-style-type: none"> › Bedrifter › Kommunar/ fylkeskommune <p>Samarbeidsprosjekt for:</p> <ul style="list-style-type: none"> › Forskingsorganisasjonar 		<p>Søknadsfrist 21. septemberber 2022 – prosjektoppstart i 2023</p>

3. Søknadstypar, krav til søkjarar og støtteomfang

Forskrifta gir føring om at regionale forskingsfond skal nytte Noregs forskingsråd sine søknadstypar. Fonda har i samarbeid med Forskringsrådet bestemt desse søknadstypane:

- › Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) – fleksibel søknadstype
- › Regionalt innovasjonsprosjekt (hovudprosjekt) – for bedrifter og offentleg sektor
- › Regionalt kompetanse- og samarbeidsprosjekt – for forskingsorganisasjonar
- › Regionalt forskarprosjekt – for forskingsorganisasjonar

Søknadstypane, med unntak av regional kvalifiseringsstøtte svarar til standard søknadstypar i Forskringsrådet. Det er opp til kvart fond å velje mellom søknadstypane.

3.1 Kven som kan søkje og minimumskrav til samarbeid

- › Prosjektansvarleg søkjar må vere lokalisert i Vestland fylke og vere registrert med organisasjonsnummer
- › Bedrifter eller samanslutningar av bedrifter som søkjer må dokumentere relevant forskingskompetanse i eigen organisasjon eller gjennom planlagt innkjøp frå ein FoU-leverandør.
- › Store bedrifter kan berre søkje dersom dei har prosjektsamarbeid med minst ei SMB-bedrift i Vestland fylke. Definisjon av bedrift og storleik følgjer EU sitt regelverk.
- › Kommunar/fylkeskommune som søkjer må samarbeide i prosjektet med minst ein annan kommune i Vestland/Vestland fylkeskommune og minst ein [godkjend forskingsorganisasjon](#) (Forskringsorganisasjonen kan vere lokalisert utanfor Vestland.)
- › Godkjende forskingsorganisasjonar som søkjer må ha faktisk og formelt samarbeid med minst to norske samarbeidspartnarar frå næringsliv og/eller kommunal sektor. Minst ein må vere lokalisert i Vestland fylke.

3.2 Omfang av støtte

- › Støttegrad for forprosjekt og Innovasjonsprosjekt er inntil 70% for bedrifter og kommunal sektor, innafor ramma for statsstøtteregelverket
- › Støttegraden for Samarbeidsprosjekt er 90 %. Samarbeidspartnarar som ikkje er forskingsorganisasjonar må til denne søknadstypen finansiere egne kostnader og desse må utgjere minst 10% av dei samla kostnadane i prosjektet. Tilskot frå RFF til Samarbeidsprosjekt skal berre gå til forskingsorganisasjonar og vert derfor ikkje definert som [statsstøtte](#).
- › Utrekning av eigenfinansierte kostnader skal følgje Forskringsrådet sine reglar. Dette gjeld særleg timekostnad for egne tilsette, men også andre utgifter knytt til bruk av eige utstyr m.v.
- › Berre kostnader som vert ført i verksemda sitt ordinære rekneskap vert lagt til grunn for godkjenning av prosjektkostnader. Timar som ikkje er lønsutbetalt kan ikkje reknast som eigeninnsats i prosjekta. Fordeling av faktiske kostnader mellom

partnarane som samarbeider i prosjektet vert dokumentert med faktura der også eigeninnsats går fram.

3.3 Formål med ulike søknadstypar, prosjektperiodar og maksimalt støttebeløp

Søknadstype	Formål med søknadstypen	Støttebeløp og prosjektperiode
Regional kvalifiseringsstøtte	<p>Eit forprosjekta er eit innleiande forskingsarbeid som medverkar til å utvikle eit større forskings- og utviklingsprosjekt (FoU-prosjekt) med potensial til å bidra til innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringsliv og kommunal sektor i Vestland.</p> <p>Forprosjekta skal munne ut i ein søknad om innovasjonsprosjekt eller kompetanse- og samarbeidsprosjekt til RFF, Forskningsrådet, Horisont Europa eller liknande.</p>	<p>- samla støttebeløp frå 200.000 til 500.000</p> <p>- prosjektperiode: i inntil 1 år</p>
Regionale innovasjonsprosjekt	<p>Eit innovasjonsprosjekt i næringslivet er leia av ei bedrift i Vestland og har eit omfattande innhald av forskning og utvikling (FoU). Prosjektet skal gi eit vesentleg bidrag til innovasjon og berekraftig verdiskaping for bedriftene som deltek i prosjektet. Det skal også gi samfunnsøkonomiske gevinstar i Vestland fylke, ved at ny kunnskap og nye løysingar blir gjort breitt tilgjengeleg.</p> <p>Eit innovasjonsprosjekt i kommunal sektor er leia av ei kommunal verksemd i Vestland og har eit omfattande innhald av forskning og utvikling (FoU). Prosjektet skal ta utgangspunkt i behov og utfordringar for kommunale sektor og inngå i verksemda sine planer for utvikling. Prosjektet skal gi eit vesentleg bidrag til innovasjon og verdiskaping i kommunal sektor i Vestland.</p> <p>—</p> <p>- krav til løpande formidling gjennom prosjektperioden og open publisering</p>	<p>- samla støtte frå kr. 1.000.000 til 3.000.000</p> <p>- prosjektperiode 1--3 år</p>
Regionale samarbeidsprosjekt	<p>Eit regionalt samarbeidsprosjekt er leia av ein forskingsorganisasjon og skal utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som kommunane og/eller næringslivet i Vestland treng for å møte viktige samfunnsutfordringar. Prosjektet skal stimulere og støtte samarbeid mellom forskingsorganisasjonar og næringsliv/kommunal sektor i Vestland og danne grunnlag for innovasjon og berekraftig verdiskaping.</p> <p>—</p> <p>- krav til løpande formidling gjennom prosjektperioden og open publisering</p>	<p>- støtte frå kr. 1.000.000 til 3.000.000 i samla støtte pr. prosjekt</p> <p>- samla prosjektperiode 1-3 år</p> <p>- krav til løpande formidling gjennom prosjektperioden og open publisering</p>

3.4 Vurderingskriteria

Regionale forskingsfond har frå 2020 innført fire felles vurderingskriteria for alle søknadstypar, med unntak av Kvalifiseringsstøtte:

Forskning og innovasjon

- I kva grad det føreslegne arbeidet er ambisiøst, nytenkande og i forkant av forskings- og innovasjonsfronten
- Kvaliteten på dei føreslegne forskings- og utviklingsaktivitetane

Verknader og effektar

- Potensielle verknader og effektar av den føreslegne forskinga og innovasjonen
- Plan for kommunikasjon og utnytting av resultata

Gjennomførbarheit

- Kvaliteten på prosjektleiar og prosjektgruppe
- Kvaliteten på prosjektets organisering og styring

Regional relevans (Relevans for utlysinga)

- Relevans av søknaden vert vurdert mot krav og føringar i utlysinga

Dei tre fyrste vurderingskriteria er like Forskingsrådet sine, og vert normalt vurdert av eit fagpanel.

Vurderingskriteria har meir spesifiserte underpunkt, knytt til kvar søknadstype. For søknadstypane Innovasjonsprosjekt, Kompetanse- og samarbeidsprosjekt og Forskarprosjekt er også underpunktta i dei tre fyrste kriteria identiske med Forskingsrådet sine. For Samarbeidsprosjekt vurderer fagpanelet «Forskingskvalitet» som første kriterium.

Fagpanel som vurderer desse søknaden er også beden om å gi ein samla karakter for søknaden

Det fjerde kriteriet, Regional relevans», er det som i Forskingsrådet heiter «relevans for utlysinga». Dette kriteriet er meir fleksibelt og kvart fond må tilpasse det til eigne prioriteringar og utlysingar. Det vert vurdert av administrasjonen. I Vestland er dette kriteriet slik:

Regional relevans (RFF Vestland)

- I kva grad vil prosjektet bidra til å løyse utfordringar for kommunal sektor og/eller næringslivet som er spesielt viktige i Vestland fylke?
- I kva grad vil prosjektet bidra til berekraftig regional verdiskaping for andre enn dei involverte aktørane i prosjektet?
- I kva grad vil prosjektet bidra til kunnskapsoppbygging regionalt?

Ein karakterskala frå 7 – 1 vert normalt nytta.

Vurderingskriteria for kvalifiseringsstøtte (forprosjektsøknader):

Forprosjektsøknader vil verte vurdert etter desse vurderingskriteria, med høve til noko meir justering der forskingsorganisasjonar søkjer om forprosjekt til Kompetanse- og samarbeidsprosjekt:

Forsking og innovasjon (Forprosjekt RFF Vestland) (når kommunar og bedrifter søkjar) eller

Forskingskvalitet (Forprosjekt RFF Vestland) når forskingsorganisasjonar søkjar)

Verknader og effektar (Forprosjekt RFF Vestland)

Gjennomføring (Forprosjekt RFF Vestland)

Samlet vurdering frå fageksperten/panelet (Forprosjekt RFF Vestland)

Regional relevans (RFF Vestland)

Ein karakterskala frå 7 – 1 vert normalt nytta.

Regional relevans vert vurdert av administrasjonen.

I tillegg vurderer administrasjonen kriterier som «Etikk», «Miljøkonsekvensar», «Kjønn», «Formidling og kommunikasjon» og «Addisjonaltet» (utløysande effekt) der det er relevant. Dette vert presisert i utlysingane.

4. Kommunikasjon og formidling

Fondet har vedteke ein kommunikasjonsplan, med desse prioriterte tiltaka:

- › Aktiv kommunikasjon retta mot prioriterte søkjargrupper
- › Nettsatsing og sosiale medium
- › Presentasjon av forskingsprosjekt og popularisere forskingsresultat

5. Økonomisk ramme

Dei regionale forskingsfonda er finansiert av Kunnskapsdepartementet gjennom årlege løyvingar over Statsbudsjettet. Noko midlar kjem i tillegg frå renter og frå tilbakeførte midlar frå avslutta prosjekt.

Den økonomiske ramma i 2022 er 16, 8 millionar kroner.

Kr. 8 568 000 vart i styremøte 27. januar 2022 gitt i støtte til hovudprosjekt med søknadsfrist 20. oktober 2021 og kr. 1 839 000 til forprosjekt i styremøte 9. desember 2021.

Kr. 6 460 000 er disponibelt til å støtte søknader om forprosjekt med behandling i styremøta 9. juni og 8. desember.

Utlysinga av støtte til hovudprosjekt med søknadsfrist 21. september 2022 vert publisert med eit budsjett på inntil 10 millionar kroner. Prosjekta kan først få oppstart i januar 2023. Midlane til denne utlysinga vert henta frå 2023 budsjettet. Den økonomiske ramma i 2023 vert fastsett i Statsbudsjettet for 2023. Summen som er sett av til hovudprosjekt med søknadsfrist 21. september 2022 vil kunne verte justert når Statsbudsjettet er gjort kjent.